

Programplan for System for styrka læring

- Tilbakemelding frå barnehagesektoren i Sogndal kommune ---

Barnehagesektoren i Sogndal erfarer at denne planen bidreg på ein ny og unik måte til å utvikle barnehagane til å bli lærande organisasjonar. Barnehagane arbeider no med kvalitetsarbeid sett i system. Det forpliktar, det utfordrar, og det blir fulgt opp. Det gir metodisk hjelp til å nå dei måla vi har sett om å vere kunnskapsutviklande, samt byggje lærings- og utviklingskapasitet i barnehagane.

- Planen byggjer på eit solid fundament ved å vektleggje systemisk og systematisk kompetansesatsing.
- Regional satsing, og fagnettverk spesielt, gir utvida læringsutbytte, både ved å utveksle erfaringar i metodikk, men også ved at fagmiljøet blir større.
- Samarbeid med Høgskulen gir oss auka kunnskap på fag, og innsikt i ny forskning som sektoren så sårt treng.
- At barnehagane kan bidra med å styrke Høgskulen på kjennskap til praksisfeltet, gir stoltheit og ansvar for å vere gode, levere gode teneste.
- Felles kompetanseplan for alle kommunane, som har betydning heilt ut til kvar enkelt barnehage i alle småbygdene, sikrar kvalitet heilt ut.
- Barnehagane får nytt høve til å drive omdømmebygging både overfor foreldre, mot skulane, som samfunnsaktørarar. Vi har fått ein styrka bodskap å selje inn i media.

Av programområda har vi spesielt trykk på:

1. Lærande organisasjonar (meir omtalt over). Vil også nemne hjelp til å nytte gode verktøy – ståstadanalyse, SWOT-analyse, div. evalueringsverktøy. Det krev stor innsats å lage kultur for formidling i eigen barnehage, refleksjon og korleis overføre eigen kunnskap og innsikt til å bli auka læring for heile teamet i barnehagen.
2. Psykisk helse. Her vektlegg vi spesielt den utvida bevisstheita om at tverrfagleg samhandling er avgjerande både systemisk og systematisk, ved å finne arena for å bli kjende med kvarandre som menneske, kva vi kan samhandle om - og korleis, få nytte av kvarandre sin kunnskap og klokskap.
3. Entreprenørskap. I barnehagane vil vi spesielt utfordre oss på entreprenørskapstenkinga; initiativ og evne til nyskaping, å stimulere kreativiteten. I ein sektor der det over forholdsvis kort tid har skjedd store endringar, spesielt ved at vi har auka omfanget av dei minste borna, krev det kompetanse og nytenking på mange område.
4. Tidleg innsats. Ny forskning bidreg til å setje dette tema høgt på agendaen. Kompetanse for tilsette i barnehagane og hjå dei vi samarbeider med, er overskrift i dette arbeidet. Som under pkt 2 vil tverrfagleg samhandling også ha avgjerande betydning.

Planen gir oss drahjelp spesielt ved satsinga på:

- Leiarutdanning

- Fagnettverk mellom kommunane både på fagområda i Rammeplanen og styrarnettverket
- Samarbeidet med Høgskulen
- Tett samarbeid med Barnehage- og skuleregion Sogn der forankringa på leiarnivå blir spesielt avgjerande.
- Arbeidsgruppa for kompetanseplanen som gjeld i regionen, som er i forkant og er pådrivar for å halde trykk og framdrift, setje viktige tema på dagsorden i styrarnettverket m.m.

Denne planen gir energi til å satse-, bruke tid på kvalitet og kompetansearbeid for å gi gode teneste til brukarane. Den hjelper oss til å få kvar enkelt medarbeidar til å ta ut sitt potensiale. Dette igjen – visar forskning – gir stor gevinst både overfor dei vi skal tene, og for medarbeidarane sin trivsel.

Utfordringar

Ei stor utfordring for å lukkast, er forankringa på leiarnivået. Dette nivået blir pådrivar i eigen kommune. Dette nivået kan ikkje svikte utan at det har konsekvens for implementeringa i barnehagane i eigen kommune.

Det må vere eit vedvarande, kontinuerleg arbeid med å implementere kompetanseplanen, plattformen for læringsskulturen og skape engasjement ut til den enkelte barnehage. Dette må arbeidsgruppa vere svært bevisst og leiarnivået i kommunane.

08.04.2014

Sogndal kommune

Karin Johansen

tenesteleiar barnehage